



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
33/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.04.2015
29/2015	Kommunestyret	PS	04.05.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FA - S11	14/2029

NVE HØYRING 6 SMÅKRAFTSAKER I VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eitt av dei seks omsøkte kraftverka i Vaksdal peikar seg svært negativt ut i friluftssamanheng og tap av INON-område. Det gjeld Skarvagrovi kraftverk i Bergsdalen, som er innfallsporten til eit viktig regionalt friluftsområde med hytter og t-merka løyper. Vaksdal kommune er også negativ til Boge 3 kraftverk ovanfor Boge og Vaksdal ved Sørfjorden. Vassdraget vert nytta av Vaksdal kommune som drikkevasskjelde for tettstaden Vaksdal og Boge med ca 1200 innbyggjarar. Det har også ein stor lokal friluftsverdi og ein fjernar vatn frå det frå før kraftig regulerte Vaksdalvassdraget. Vaksdal kommune kan gå inn for Markåni kraftverk ved Bolstadfjorden og Sædalen kraftverk ved Vaksdal dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Når det gjeld Moko kraftverk på Dale går Vaksdal kommune mot det omsøkte alternativet på grunn av at det får svært negativ effekt på eit viktig oppvekstområde for sjøaure. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Oddmundsdalen er ein negativ til på grunn av bygging av permanent veg inn i eit urørt område. Dette kan løysast ved å reetablere terrenget etter at anleggsarbeida er avslutta.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 33/2015

FPØ - Behandling:

Einingsleiar samfunnsutvikling orienterte

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Eitt av dei seks omsøkte kraftverka i Vaksdal peikar seg svært negativt ut i friluftssamanheng og tap

av INON-område. Det gjeld Skarvagrovi kraftverk i Bergsdalen, som er innfallsporten til eit viktig regionalt friluftsområde med hytter og t-merka løyper. Vaksdal kommune er også negativ til Boge 3 kraftverk ovanfor Boge og Vaksdal ved Sørfjorden. Vassdraget vert nytta av Vaksdal kommune som drikkevasskjelde for tettstaden Vaksdal og Boge med ca 1200 innbyggjarar. Det har også ein stor lokal friluftsverdi og ein fjernar vatn frå det frå før kraftig regulerte Vaksdalvassdraget. Vaksdal kommune kan gå inn for Markåni kraftverk ved Bolstadfjorden og Sædalen kraftverk ved Vaksdal dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Når det gjeld Moko kraftverk på Dale går Vaksdal kommune mot det omsøkte alternativet på grunn av at det får svært negativ effekt på eit viktig oppvekstområde for sjøaure. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Oddmundsdalen er ein negativ til på grunn av bygging av permanent veg inn i eit urørt område. Dette kan løysast ved å reetablere terrenget etter at anleggsarbeida er avslutta.

Kommunestyret - Sak 29/2015

KOM - Behandling:

Med heimel i forvaltningslova § 6 b) vedtok kommunestyret samrøystes at Arne Normann er ugild i saka.

Einingsleiar Willy Andre Gjesdal orienterte om alle sakene samla.

Vedtak mot 1 røyst (SV)

KOM - Tilråding/Vedtak:

Eitt av dei seks omsøkte kraftverka i Vaksdal peikar seg svært negativt ut i friluftssamanheng og tap av INON-område. Det gjeld Skarvagrovi kraftverk i Bergsdalen, som er innfallsporten til eit viktig regionalt friluftsområde med hytter og t-merka løyper. Vaksdal kommune er også negativ til Boge 3 kraftverk ovanfor Boge og Vaksdal ved Sørfjorden. Vassdraget vert nytta av Vaksdal kommune som drikkevasskjelde for tettstaden Vaksdal og Boge med ca 1200 innbyggjarar. Det har også ein stor lokal friluftsverdi og ein fjernar vatn frå det frå før kraftig regulerte Vaksdalvassdraget. Vaksdal kommune kan gå inn for Markåni kraftverk ved Bolstadfjorden og Sædalen kraftverk ved Vaksdal dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Når det gjeld Moko kraftverk på Dale går Vaksdal kommune mot det omsøkte alternativet på grunn av at det får svært negativ effekt på eit viktig oppvekstområde for sjøaure. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Oddmundsdalen er ein negativ til på grunn av bygging av permanent veg inn i eit urørt område. Dette kan løysast ved å reetablere terrenget etter at anleggsarbeida er avslutta.

Saksopplysningar:

NVE har med frist 23.03.15 send på høyring søknad om bygging av 6 småkraftverk i Vaksdal kommune. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning på området skal vurderast. NVE bed høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Namn	Utbygger	Effekt MW	Produksjon GWH/år	Total kostnad mill.kr	Tap av INON	Instilling frå Vak.komm.
Sædalen kraftverk	Sædalen Kraft A/S	4,4	10,2	38,3	1,5 km2 13,8 %	Positiv
Moko kraftverk	NGK	2,9	7,2	30,3	0,1 km2	Neg/pos
Oddmundsdalen kraftverk	NGK	4,3	13,3	53,2	2,9 km»	Neg/pos
Skarvagroi kraftverk	NGK	1,4	4,9	17,7	0,9 km»	Negativ
Markåni kraftverk	Kraftkarane	4,4	9,6	46	0,96 km»	Positiv
Boge 3	Boge kraft		3,7	23,2	0	Negativ

Vurdering

I Vaksdal kommune er dei fleste store vassdraga kraftregulert. Me har også nokre mini- og småkraftverk i sidevassdraga og fleire søknadar på nye ligg inne. Ser ein på vedlagt oversiktkart for regionen Vaksdal, Voss, Samanger og Kvam, er det svært mange kraftutbyggingar og planar for dette området.

Slike utbyggingar gjev ofte store lokale naturinngrep, med vegar, bygg, røygater og kraftledningar. Det positive med dei er at det kan gje lokal næringsutvikling og sysselsetjing og eigedomsskatt til kommunen. Vanlegvis medfører ikkje småkraftutbyggingar store overføringar av vatn til andre vassdrag. Seier ein ja til ei utbygging i eit vassdrag, seier ei samtundes ja til tap av natur og ofte nei til anna bruk som ulike typar friluftsliv. Vedlagde kart for større inngrepsfrie naturområde (INON) for vårt område, viser at me har få slike urørte område att. Høyringspartane må difor etterprøva kunnskaps-grunnlaget for å kunna sjå effekten av tiltaket i framtida. Samla belastning for nærområdet og regionen er difor viktig å få fram.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjon og distribusjon:

- Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi. Og Hordaland skal vera ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi.
- Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021 har ei nærare omtale av 14 delområde med stort potensiale for utbygging. I denne saka ligg alle dei 6 småkraftverka i Vaksdal i Samnanger-Vaksdal delområde. Fylkesdelplanen seier at Samnanger-Vaksdal delområde har stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta vare på området med urørt natur langs Veafjorden. Laks og sjøaure i Daleelva (Vaksdal) og Tyssevassdraget (Samnanger) krev særskilt merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraga. Området har fleire potensielt verdifulle bekkeløfter som må undersøkjast nærare ved nye utbyggingsplanar.

Verknad på samfunn:

Tiltaka vil gje inntekt gjennom eigedomsskatt til Vaksdal kommune. I anleggsfasen vil det bli utført

arbeid som kan gje lokal sysselsetjing. Ofte er lokale fallrettseigarar medeigarar i kraftverket, og er busette i området. For å sikra optimal drift er det ofte ynskjeleg at tilsyn og lettare vedlikehald vert utført av lokale aktørar. Kraftverka vil kunna vera ei tilleggsinntekt for desse og kan vera med på å sikra inntektsgrunnlaget for framleis busetnad i områda.

Vaksdal kommune har i dag 7 mini- og småkraftverk i drift og desse gjev ein årleg eigedomsskatt på ca 500 000 kr.

Konklusjon

Eitt av dei seks omsøkte kraftverka i Vaksdal peikar seg svært negativt ut i friluftssamanheng og tap av INON-område. Det gjeld Skarvagrovi kraftverk i Bergsdalen, som er innfallsporten til eit viktig regionalt friluftsområde med hytter og t-merka løyper. Vaksdal kommune er også negativ til Boge 3 kraftverk ovanfor Boge og Vaksdal ved Sørfjorden. Vassdraget vert nytta av Vaksdal kommune som drikkevasskjelde for tettstaden Vaksdal og Boge med ca 1200 innbyggjarar. Det har også ein stor lokal friluftsverdi og ein fjernar vatn frå det frå før kraftig regulerte Vaksdalvassdraget. Vaksdal kommune kan gå inn for Markåni kraftverk ved Bolstadfjorden og Sædalen kraftverk ved Vaksdal dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Når det gjeld Moko kraftverk på Dale går Vaksdal kommune mot det omsøkte alternativet på grunn av at det får svært negativ effekt på eit viktig oppvekstområde for sjøaure. Dette kan løysast ved eit tidlegare vurdert alternativ med gode avbøtande tiltak.

Oddmundsdalen er ein negativ til på grunn av bygging av permanent veg inn i eit urørt område. Dette kan løysast ved å reetablere terrenget etter at anleggsarbeida er avslutta.